



Landbruk
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/2627 - 23/40811

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
30.05.2023

Søknad om arealoverføring til handsaming etter jordlova - gbnr 320/2 Dale øvre

Tiltak: Søknad om arealoverføring
Byggjestad: Gbnr 320/2
Tiltakshavar:

Saka gjeld overføring av eit mindre areal på om lag 140 m² frå gbnr 320/2 til gbnr 320/23. Arealen er for lengst teke i bruk som tilkomstveg til bustadeigedomen gbnr 320/23.

Viser elles til vedlagt søknad som er motteken hjå oss 24.03.2023 .Vi ber om handsaming etter jordlova. Saka må først handsamast etter jordlova før den kan handsamast etter plan- og bygningslova.

Planstatus

Arealen ligg i uregulert område sett av til LNF formål i kommunedelplan for Meland (KDP).

Gbnr 320/23 er sett av til LNF-formål, men har status som spreidd bustad, jf. tabell 9.1 til føresegn 3.2.3 til KDP. For denne eigedomen legg føresegn 3.2.1 til KDP til grunn at arealoverføring eller tilleggsareal på inntil 200 m² kan tillatast i samsvar med eksisterande bruk.

Tiltaket er etter dette ikkje avhengig av dispensasjon frå LNF-formålet i KDP, men det må vurderast om det kan gjevast samtykke til omdisponering og løyve til deling etter jordlova §§ 9 og 12.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om arealoverføring - gbnr 320/2 Dale øvre

Samtykke

Situasjonskart

Følgeskriv

Søknad om oppretting av grunneigedom - gbnr 320/23 Øvre Dale

Mottakarar:

Landbruk

Postboks 4

5906

FREKHAUG